



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Prop. 142 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

*Tilråding frå Finansdepartementet av 24. juni 2011,
godkjend i statsråd same dagen
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing og bakgrunn

Det internasjonale valutafondet (IMF) har 187 medlemsland. Organisasjonen står sentralt i det globale samarbeidet om økonomiske og finansielle spørsmål og gir kortsiktige lån og råd til land som blir ramma av økonomiske kriser.

Stortinget samtykte i juni 2008 til at Noreg skulle slutte seg til kvote- og røysterettsreforma som IMF-organa vedtok i april 2008, jf. St.prp. nr. 58 (2007–2008) *Om samtykke til endringer av IMF's statutter for å utvide organisasjonens investeringsmandat og for å gjennomføre en reform av kvoter og stemmerett, og om samtykke til en økning av Norges kvote i IMF* og Innst. S. nr. 284 (2007–2008). Denne reforma overførte røystevekt frå dei tradisjonelle industrilanda til utviklingsland og framveksande økonomiar og auka røystevekta til låginntektslanda. I mange medlemsland tok det lang tid å ratifisere reforma, og ho tredde først i kraft 3. mars i år.

Finanskrisa synte eit behov for å auke utlånsevna til IMF monaleg. Samstundes ønskte mange at fordelinga av ansvar og innverknad i IMF raskare skulle tilpassast den auka økonomiske og politiske tyngda til framveksande økonomiar. I april 2009 blei IMF sin rådgivande komité av ministre og sentralbanksjefer, International Monetary and Financial Committee (IMFC), samd om å gjennomføre ein ny kvoterevisjon innan januar 2011 som eitt av fleire tiltak for å tre-

doble utlånskapasiteten til IMF. Dette var ei oppfølging av semja i G20 nokre veker tidlegare.

IMF-styret kom til semje om ein samla pakke for reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett 15. november 2010. Grunnlaget var eit opplegg finansministrane og sentralbanksjefane i G20 hadde samla seg om på møtet i slutten av oktober. Guvernørrådet, det øvste organet i IMF, vedtok reformforslaget 15. desember. Reforma aukar forpliktningane og innverknaden til dynamiske, framveksande økonomiar og gir IMF større legitimitet og handlegkraft til å gjennomføre oppgåvene sine. Samtidig styrkjer ein tilgangen på lånemidlar kraftig gjennom ei dobling av dei samla kvotane. Innhaldet i og bakgrunnen for reforma er tidlegare omtalt i Meld. St. 21 (2010–2011) *Finansmarknadsmeldinga 2010*, som blei lagd fram 15. april i år.

Reforma må ratifiserast i medlemslanda før ho kan tre i kraft. I tillegg må kvart medlemsland formelt akseptere sin nye kvote til IMF.

Finansdepartementet tilrår at Stortinget samtykkjer i at Noreg sluttar seg til reforma, jf. forslag til romartalsvedtak. Med det går ein med på at Noreg får kvoten sin auka frå 1 883,7 mill. SDR til 3 754,7 mill. SDR¹, tilsvarande vel 32 mrd. kroner

¹ IMF's spesielle trekkrettar (Special Drawing Rights). Verdien er eit vekta gjennomsnitt av amerikanske dollar, britiske pund og japanske yen. Ein SDR var 14. juni 2011 lik 1,60355 USD, eller 8,65306 NOK.

med valutakursen 14. juni, og ein samtykkjer i ei endring i IMF statuttane som fjernar ordninga med utpeika styrerepresentantar for dei fem landa med størst røystevekt, jf. vedlegg 1. Dei nye kvote- og røystevektene til medlemslanda er lista opp i vedlegg 2.

I kapittel 6 er det gitt ei kort utgreiing om prosessen med å velje ny administrerande direktør for IMF.

2 Endringar i kvotar og røysterett

Kvotane er den viktigaste finansieringskjelda for IMF, og den samla storleiken deira betyr såleis mykje for utlånskapasiteten til IMF. Den reforma IMF-organa no har vedteke, inneber ei dobling av dei samla kvotane, frå 238,4 mrd. SDR til 476,8 mrd. SDR, eller til om lag 4 125 mrd. kroner. Noregs kvote aukar frå om lag 1,88 mrd. SDR til om lag 3,75 mrd. SDR, eller til vel 32 mrd. kroner. For at kvoteauken skal tre i kraft, må statuttendringane bli ratifiserte av medlemsland med minst 70 prosent av kvotane, og statuttendringane om reform av IMF-styret må ha tredd i kraft.

Røystevekta i IMF byggjer på ein kombinasjon av kvotane og dei såkalla basisrøystene. Basisrøystene blir delte ut uavhengig av storleiken til medlemslandet og skal til kvar tid utgjere 5,5 prosent av den samla røystevekta. I 2008 blei det semje om ein formel for å rekne ut korleis kvotane skal delast mellom landa. Kvotedelane blir rekna ut som eit vege gjennomsnitt av produksjonen i landet (BNP), landets deltaking i internasjonal handel, variasjonen i landets betalingsbalanse og storleiken på landets internasjonale valutaeservar.² Omrekninga av BNP i dei ulike medlemslanda til ein felles valuta skal gjerast med 60 prosent vekt på kursane i valutamarknaden og 40 prosent vekt på såkalla kjøpekraftsparitetskursar (PPP). Bruk av kjøpekraftsparitetar aukar vekta til framveksande økonomiar og andre land som har eit lågt innanlandsk prisnivå. Formelen for fordeling av kvotar inneheld òg ein kompresjonsfaktor som reduserer skilnadene i utrekna kvotestorleik, men utan at rekkjefølgja mellom land blir endra. Dette favoriserer små økonomiar, det vil seie små og/eller fattige land.

Kvoteformelen gir eit godt utgangspunkt for kvotefordeling, og ei samanlikning med dei fak-

tiske kvotane gir ein peikepinn på om land eller grupper er underrepresenterte eller overrepresenterte. Han blir likevel ikkje nytta mekanisk til å fastsetje nye kvotar. Også politisk skjønn verkar inn på det endelege resultatet. Under forhandlingane om den nye reforma i 2010 var fordelinga av kvotar eit vanskeleg spørsmål. Mange land, deriblant den nordisk-baltiske valkrinsen, ville at tildeilinga i størst mogleg grad skulle vere regelbasert med utgangspunkt i den fastsette kvoteformelen frå 2008. Dei store framveksande økonomiane, men også USA, ønskte at kvotane i større grad skulle baserast på BNP enn det denne formelen legg opp til. Det endelege resultatet er eit kompromiss der kvoteformelen blir følgd eit stykke på veg, men der det òg er innslag av ad hoc-element som særleg favoriserer dei største landa. Kompromisset inneber grovt sett at 60 prosent av auken blir tildelt land som har lågare kvote enn det kvoteformelen tilseier. Den resterande delen blir fordelt etter særskilde kriterium, der mellom anna BNP har stor vekt. Det siste elementet favoriserer store land og råkar både små industriland og små framveksande økonomiar. Dette kan forklarast med at semja om 2010-reforma blei forhandla fram i G20, der berre store land er representerte. Låginntektslanda, som normalt også ville ha komme dårleg ut med eit slikt opplegg, fekk si stilleg verna gjennom særskilde ordningar.

Reformforslaget som no er vedteke i IMF-organa, inneber ei overflytting av kvotedelar på seks prosentpoeng frå overrepresenterte til underrepresenterte land. Framveksande økonomiar og utviklingsland blir sterkare representerte. Dynamiske framveksande økonomiar får auka si røystevekt med om lag seks prosentpoeng, mellom anna som følgje av at nokre framveksande økonomiar blir mindre overrepresenterte. Vedlegg 2 viser kvote- og røystevekter etter medlemsland før 2008-reforma, i dag og med reforma frå 2010. Tabell 2.1 gir oversyn over fordelinga av kvote- og røystevekt for ulike grupper av land. Industrilanda si røystevekt går ned frå 57,9 prosent til 55,3 prosent, medan den samla røystevekta til framveksande økonomiar og utviklingsland går opp frå 42,1 prosent til 44,7 prosent. Det er særleg dei største landa som får auka innverknad. Etter reforma blir dei ti landa med størst røystevekt USA (16,5 prosent), Japan (6,1 prosent), Kina (6,1 prosent), Tyskland (5,3 prosent), Frankrike (4,0 prosent), Storbritannia (4,0 prosent), Italia (3,0 prosent), India (2,6 prosent), Russland (2,6 prosent) og Brasil (2,2 prosent). Røystevekta til dei fattigaste landa er den same som etter 2008-reforma.

² Kvotedel = $(0,5 \cdot \text{BNP} + 0,30 \cdot \text{openhet} + 0,15 \cdot \text{variabilitet} + 0,05 \cdot \text{valutaeservar})^K$, der BNP er berekna med 60 prosent vekt på marknadskursar og 40 prosent vekt på kjøpekraftsparitetar, og K er ein kompresjonsfaktor på 0,95.

Tabell 2.1 Kvote- og røystevekt fordelt på utvalde land og grupper av land. Prosent

	Kvotervekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma	I dag	Etter 2010-reforma	Før 2008-reforma	I dag	Etter 2010-reforma
Industriland	60,5	60,5	57,7	59,5	57,9	55,3
Store industriland	45,2	45,3	43,4	44,3	43,0	41,2
USA	17,1	17,7	17,4	16,7	16,7	16,5
Andre G7-land	28,1	27,7	26,0	27,6	26,3	24,7
Andre industriland	15,3	15,1	14,3	15,2	14,9	14,1
Utviklingsland og overgangsøkonomiar	39,5	39,5	42,3	40,5	42,1	44,7
Utviklingsland	32,1	32,4	35,1	32,9	34,5	37,0
Afrika	5,4	4,9	4,4	5,9	6,2	5,6
Asia	11,5	12,6	16,1	11,6	12,8	16,1
Midtausten, Malta og Tyrkia	7,6	7,2	6,7	7,6	7,3	6,8
Latin-Amerika og Karibia	7,6	7,7	7,9	7,8	8,2	8,4
Overgangsøkonomiar	7,4	7,1	7,2	7,6	7,6	7,7
Totalt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
<i>Memo</i>						
EU 27	32,4	31,9	30,2	32,0	30,9	29,4
Låginntektsland (PRGT-kvalifiserte)	3,4	3,2	3,2	3,9	4,5	4,5
Noreg	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8
Den nordisk-baltiske valkrinsen	3,4	3,3	3,2	3,4	3,4	3,3

Kjelde: IMF

Røystevekta til den nordisk-baltiske valkrinsen går noko ned, frå 3,40 prosent til 3,28 prosent. Noreg si røystevekt er om lag uendra og vil etter reforma vere 0,77 prosent. Dei baltiske landa får noko høgare røystevekt, medan dei andre nordiske landa får noko redusert røystevekt. Dei tre største landa i valkrinsen er framleis Sverige, Noreg og Danmark, som får høvesvis 0,91, 0,77 og 0,71 prosent av røystene i IMF.

Det er òg semje om å gjennomføre ein brei gjennomgang av kvoteformelen innan januar 2013 og å framskande neste gjennomgang av kvotane med to år til januar 2014. Guvernørrådet i IMF har uttrykt ei forventning om at gjennomgangen vil føre til ein ytterlegare auke i røystedelen til dynamiske framveksande økonomiar, i samsvar med den delen av verdsøkonomien desse landa står for,

slik at røystevekta til framvaksande økonomiar og utviklingsland samla truleg aukar. Samstundes skal representasjonen til dei fattigaste medlemslanda vernast.

Den doblinga av kvotar som det no er semje om, styrkjer IMF's finansielle posisjon kraftig, og det kan vere rom for å redusere omfanget av andre finansieringskjelder for IMF-utlån. Ein vil i denne samanhengen vurdere å redusere storleiken på NAB-ordninga, som frå 11. mars i år har ei finansiell ramme på 367,5 mrd. SDR, jf. Prop. 58 S (2010–2011). Kor stor reduksjonen blir, vil mellom anna avhenge av kor stort ein vurderer behovet for lån frå IMF til å vere i tida framover. Gjennomgangen av NAB-ordninga skal vere klar innan november 2011 og få effekt samstundes med kvoteauken.

3 Endringar i organiseringa av IMF's styre

Reforma endrar òg styresamansetjinga i IMF. Fram til no har dei fem største medlemslanda i IMF (USA, Japan, Tyskland, Frankrike og Storbritannia) peika ut sine eigne styrerepresentantar, medan dei andre representantane har blitt valde av eitt eller fleire medlemsland. Det er semje om å endre dette slik at alle medlemmer i styret må veljast. Samstundes skal dei fem største landa no kunne vere med i valkrinsar. For å unngå at ein valkrins får urimeleg stor røystevekt, skal det ved kvart val fastsetjast ei øvre grense for røystevekta til ein valkrins. For å fjerne ordninga med utpeika styrerepresentantar må ein endre statuttane til IMF. Den nye ordlyden går fram av vedlegg 1. Statuttendringane som medfører reform av IMF-styret, krev ratifisering i minst 60 prosent av medlemslanda med til saman minst 85 prosent av røystene.

I IMF-statuttane heiter det at IMF skal ha eit styre med 20 medlemmer. Styret kan med 85 prosents fleirtal vedta at det skal vere fleire eller færre medlemmer enn dette. Sidan byrjinga av 1990-åra har styret nytta dette høvet til å vedta at det skal ha 24 medlemmer. USA har dei siste åra hevda at talet på medlemmer bør reduserast for å gjere arbeidet meir effektivt. Dei fleste andre land har hevda at ein liten reduksjon – til dømes frå dei noverande 24 medlemmene til 20 medlemmer – ikkje er nok til at det får noko særleg å seie for effektiviteten, men derimot vil gjere det vanskelegare å sikre at alle regionar i verda er godt representerte. I samband med reforma har styret og guvernørrådet i IMF forplikta seg politisk til å halde storleiken på styret i IMF på same nivå som i dag, det vil seie 24 medlemmer, på permanent basis. Denne endringa er ikkje nedfelt i statuttane for IMF, så styret må framleis gjere vedtak om dette med 85 prosents fleirtal annakvart år.

Guvernørrådet har òg gått inn for at valkrinsar med sju eller fleire medlemsland kan utnemne to varamedlemmer til styret. Vidare har europeiske industriland forplikta seg til å redusere talet på styremedlemmer med to. Ein skal her rekne med kor stor del av tida eit europeisk industriland har styrerepresentanten. Dersom det gir andre land enn europeiske industriland auka tilgang til styrestolen, kan såleis også rotasjon i eksisterande valkrinsar vere ein del av løysinga. Når ein tek omsyn til rotasjon, har Europa i dag om lag 8,3 av dei 24 representantane i IMF-styret. Dei europeiske styremedlemmene vil truleg bli erstatta med medlemmer frå framveksande økonomiar.

Reduksjonen i talet på styrerepresentantar frå europeiske industriland er ei politisk forplikting. Gjennomføringa skal skje etter at kvoterevisjonen er sett i verk, det vil seie tidlegast mot slutten av 2012. Det er opp til dei europeiske landa å komme fram til korleis dette skal organiserast. Samansetjinga av styret skal vurderast særskilt kvart åttande år.

4 Finansdepartementets vurdering og tilråding

Ved å auke kvotane styrkjer ein den finansielle posisjonen til IMF. Dette er viktig for å sikre at IMF har finansiell kapasitet til å finansiere dei lånebehova som oppstår, og for å sikre at tilliten til institusjonen held seg. Kvotereforma medverkar òg til at byrdene ved å finansiere verksemda blir godt fordelte mellom dei landa som har økonomisk styrke til å bidra. Med denne reforma er den styrkinga av lånekapasiteten til IMF som det var internasjonalt semje om våren 2009, fullført.

Finansdepartementet ser det som svært positivt at reforma medverkar til at utviklingsland og framveksande økonomiar får ei sterkare rolle i IMF. Det er viktig at organisasjonen har eit styre sett som sikrar global relevans og legitimitet. Noreg og den nordisk-baltiske valkrinsen har derfor støtta kompromissforslaget som det blei semje om. Som nemnt i Finansmarknadsmeldinga 2010 er ein likevel skuffa over at kvoteformelen i stor grad blei sett til sides ved fordelinga av delar av kvoteauken. Særleg er det eit tankekors at store land blei favoriserte til skade for små. Multilaterale organisasjonar bør i stor grad etablere og følge faste reglar, slik at heile medlemskrinsen blir behandla på ein konsistent måte. Det er òg skuffande at det ikkje blei semje i denne runden om å styrkje posisjonen til IMFC.

Den politiske tilsegna frå medlemslanda om at det også i framtida skal vere 24 representantar i IMF-styret, er viktig for å gi styret ei brei og demokratisk samansetjing. Ein reduksjon i talet på styremedlemmer ville gjort styret mindre representativt for mangfaldet blant medlemslanda. Samstundes er ein frå nordisk-baltisk side skuffa over at eit styre med 24 medlemmer ikkje blir nedfelt i statuttane for IMF.

Den nordisk-baltiske valkrinsen har slutta opp om den politiske lovnaden om å redusere talet på styrerepresentantar frå europeiske industriland med to. Truleg kan ein delvis nå dette målet ved at deltakarlanda i dei ulike valkrinsane byter på å ha styreposisjonen. I den nordisk-baltiske valkrinsen

er det lang tradisjon både for rotasjon om ulike verv og for eit nært samarbeid der ein gjennom ein open, demokratisk og regelbasert prosess avgjer kva synspunkt valkrinsen skal fremje i ulike saker. Slike samarbeidsformer ser til no ikkje ut til å vere like vanlege i andre valkrinsar. Prosessen med å redusere talet på styrerepresentantar frå europeiske industriland kan såleis på ulike måtar opne for at fleire land deltek aktivt i utforminga av dei posisjonane som blir fremja i IMF-styret. Prosessen kan samstundes få konsekvensar for samansetjinga av den nordisk-baltiske valkrinsen. Dersom det blir aktuelt å auke talet på land, er ein i valkrinsen samde om å leggje vekt på å halde ved lag dei gode arbeidsmetodane ein har etablert, mellom anna rotasjon av posisjonar og demokratisk koordinering av synspunkta som skal fremjast i IMF-organ.

5 Økonomiske og administrative forhold

Noregs Bank administrerer Noreg sine økonomiske forpliktingar overfor IMF. Den norske kvoten i IMF er i dag på 1,88 mrd. SDR, tilsvarende vel 16 mrd. kroner med valutakursen frå 14. juni. Noreg har òg stilt 3,87 mrd. SDR, tilsvarende vel 33 mrd. kroner, til rådevelde for IMF gjennom den nye NAB-ordninga og den bilaterale låneavtalen mellom Noregs Bank og IMF frå juni 2009, og vidare 300 mill. SDR, tilsvarende 2,6 mrd. kroner, til IMF's spesielle ordningar for låginntektsland.

Med den nye kvotereforma aukar den norske kvoten til 3,75 mrd. SDR, tilsvarende vel 32 mrd. kroner. Storleiken på det samla norske bidraget til IMF framover avheng av kor stort det norske bidraget til den multilaterale innlansordninga New Arrangement to Borrow (NAB) blir etter gjennomgangen hausten 2011.

Større kvote gir Noreg utvida rett til å ta opp lån i IMF, men pålegg samstundes landet ei utvida plikt til å stille sentralbankmidlar til disposisjon. Kvoteauken krev ikkje løyving over statsbudsjettet.

Kvoteauken kan krevje omplasseringar av Noregs Banks internasjonale reservar. Seinast 30 dagar etter at medlemslandet har sendt IMF melding om at det har akseptert kvoteauken, eller seinast 30 dagar etter at statuttendringane har tredd i kraft, skal 25 prosent av auken betalast inn til IMF i SDR eller i ein reservevaluta som er godkjend av IMF og av det medlemslandet som har utferda valutaen. Dei internasjonale reservane til Noregs Bank var ved utgangen av første kvartal på 292,7

mrd. kroner. Av dette utgjorde valutaresservane 243,9 mrd. kroner.

Som for andre lån til IMF vil avkastinga på trekte beløp vere SDR-renta. Denne blir fastsett som eit vekta gjennomsnitt av renta på kortsiktige statspapir i amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen. Noregs Bank meiner at avkastinga på lån til IMF i gjennomsnitt kan bli noko lågare enn det banken elles kunne oppnådd. I den grad dette påverkar overskotet i Noregs Bank, vil det òg påverke overføringane frå Noregs Bank til statskassen med eit tidsetterslep. Noregs Bank anslår vidare at dei reint administrative kostnadene ved å følgje opp lån til IMF er om lag like store som kostnadene ved å følgje opp andre plasseringar av valutaresservane.

6 Kort om prosessen med å velje ny IMF-leiar

Dominique Strauss-Kahn trakk seg 18. mai i år som administrerande direktør for IMF, og viseadministrerande direktør, amerikanaren John Lipsky, fungerer nå som sjef og styreleiar. IMF spelar for tida ei sentrale rolle i mange kriseramla land, mellom anna i Europa, og det er viktig å få ein ny IMF-leiar på plass relativt raskt, og før Lipsky sin periode er over i august i år.

20. mai vedtok IMF-styret prosedyrar som skal sikre at valet av ny leiar skjer på ein open, kvalifikasjonsbasert og transparent måte. Prosedyrane er eit resultat av eit pågåande arbeid med å betre rutineane for val til leiande stillingar i IMF og har desse hovudpunkta:

- Den nye IMF-leiaren må ha eit framifrå rulleblad frå arbeid på høgt nivå med utforming av økonomisk politikk. Vedkommande må ha ein sterk fagleg bakgrunn og ha demonstrert dei leiaregenskapane og diplomatiske evnene som skal til for å leie ein global institusjon. Styret peiker vidare på ei rekke ønskja eigenskapar, mellom anna evna til å levere strategiske visjonar for det faglege arbeidet i IMF, byggje konsensus i viktige politiske og institusjonelle spørsmål og samarbeide nært med IMF-styret, og dokumentert forståing av dei politiske utfordringane som dei ulike medlemslanda i IMF står ovanfor. Vedkommande må òg ha eit sterkt engasjement for multilateralt samarbeid og vere god å kommunisere.
- Styremedlemmer og guvernørar i IMF kan nominere kandidatar i perioden 23. mai til 10. juni. IMF vil halde namna hemmelege fram til utløpet av perioden.

- Etter utløpet av nominasjonsperioden blir lista med nominerte lagd fram for IMF-styret. Der- som lista inneheld fleire enn tre namn, vil sty- ret halde namna hemmelige fram til det har korta lista ned til tre namn. I utveljinga av dei tre skal styret leggje vekt på eigenskapar, og ikkje nasjonalitet. Kortlista på tre personar skal offentleggjerast.
- Deretter skal styret kalle inn kandidatane til intervju, drøfte sterke og svake sider ved kan- didatane og til slutt velje ein av dei. Valet kan skje ved simpelt fleirtal, men styret skal søkje konsensus. Prosessen skal vere avslutta innan 30. juni i år.

Noreg og den nordisk-baltiske valkretsen støtta denne prosedyren då han blei drøfta i styret. Vur- deringa til Finansdepartementet er at han er i tråd med det synspunktet Noreg har fremja over len- gre tid om at val til leiande posisjonar og verv i IMF skal skje på bakgrunn av kvalifikasjonar og ønskjelege eigenskapar, ikkje på bakgrunn av nasjonalitet.

Då fristen for å nominere kandidatar gjekk ut den 10. juni, var desse to namna på lista:

- Den franske økonomi-, finans- og næringsmi- nisteren, Christine Lagarde.
- Den mexicanske sentralbanksjefen, Augustin Carstens.

Opphavleg var også sentralbanksjefen i Kasakh- stan, Grigory Marchenko, og den israelske sen-

tralbanksjefen Stanley Fischer blant dei nomi- nerte, men Marchenko trakk sitt kandidatur. Fis- cher er heller ikkje på lista ettersom han er eldre enn 65 år som er aldersgrensa for å søkje stillinga som administrerande direktør. Styret vurderte om ein skulle endre denne grensa for å la Fischer stille som kandidat, men fann det uheldig å endre reglane for ein prosess som allereie er i gang.

Kandidatane vil no bli intervjua av IMF sitt styre, som så innan 30. juni i år vil ta eit val om kven som blir den neste administrerande direktøren.

Frå norsk side har ein lagt vekt på at ein skal respektere den prosessen styret har lagt opp til og ikkje ta stilling til kven som bør bli administ- rerande direktør før lista med dei nominerte føre- ligg og kandidatane har presentert seg og syns- punkta sine overfor styret i IMF. Det er viktig for legitimiteten og effektiviteten til IMF at den nye administrerande direktøren kan bidra til at inter- nasjonale samarbeidsprosessar utviklar seg i ein god retning, og at ho eller han evner å løyse dei krevjande oppgåvene organisasjonen står oppe i på ein god måte.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

I

Stortinget samtykkjer i at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i Det internasjonale valutafondet (IMF) i samsvar med omtale i Prop. 142 S (2010–2011).

II

Stortinget samtykker i at Noreg godkjenner endring i statuttane til Det internasjonale valutafondet (IMF) for å fjerne ordninga med utpeikte styrerepresentantar i samsvar med omtale i Prop. 142 S (2010–2011).

III

Stortinget godkjenner at Noregs kvote i Det internasjonale valutafondet (IMF) blir auka frå 1 883,7 mill. SDR til 3 754,7 mill. SDR.

Vedlegg 1

Proposed Amendment of the Articles of Agreement of the International Monetary Fund on the Reform of the Executive Board

The Governments on whose behalf the present Agreement is signed agree as follows:

1. The text of Article XII, Section 3(b) shall be amended to read as follows:

«(b) Subject to (c) below, the Executive Board shall consist of twenty Executive Directors elected by the members, with the Managing Director as chairman.»
2. The text of Article XII, Section 3(c) shall be amended to read as follows:

«(c) For the purpose of each regular election of Executive Directors, the Board of Governors, by an eighty-five percent majority of the total voting power, may increase or decrease the number of Executive Directors specified in (b) above.»
3. The text of Article XII, Section 3(d) shall be amended to read as follows:

«(d) Elections of Executive Directors shall be conducted at intervals of two years in accordance with regulations which shall be adopted by the Board of Governors. Such regulations shall include a limit on the total number of votes that more than one member may cast for the same candidate.»
4. The text of Article XII, Section 3(f) shall be amended to read as follows:

«(f) Executive Directors shall continue in office until their successors are elected. If the office of an Executive Director becomes vacant more than ninety days before the end of his term, another Executive Director shall be elected for the remainder of the term by the members that elected the former Executive Director. A majority of the votes cast shall be required for election. While the office remains vacant, the Alternate of the former Executive

Forslag til endring av vedtektene for Det internasjonale valutafondet med omsyn til reform av styret

(Uoffisiell omsetjing)

Regjeringane som denne avtalen blir underskriven på vegne av, er samde om følgjande:

1. Artikkell XII nr. 3 b) skal lyde:

«b) Med atterhald for c) nedanfor skal styret bestå av 20 styrerepresentantar valde av medlemmene, med administrerande direktør som leiar.»
2. Artikkell XII nr. 3 c) skal lyde:

«c) Ved alle regulære val av styrerepresentantar kan guvernørrådet med 85 prosent fleirtal av samla røystevekt auke eller redusere det talet på styrerepresentantar som er fastsett under b) ovanfor.»
3. Artikkell XII nr. 3 d) skal lyde:

«d) Val på styrerepresentantar skal haldast med to års mellomrom i samsvar med føresegnener som guvernørrådet skal vedta. Desse føresegnene skal setje ei grense for det samla røystetalet som meir enn éin medlem kan avleggje for den same kandidaten.»
4. Artikkell XII nr. 3 f) skal lyde:

«f) Styrerepresentantane skal sitje i verva sine til ein etterfølgjar er vald. Dersom vervet til ein styrerepresentant blir ledig meir enn 90 dagar før valperioden er omme, skal ny styrerepresentant veljast for resten av valperioden av dei medlemmene som har valt den tidlegare styrerepresentanten. For å bli vald må kandidaten få eit fleirtal av røystene som blir gitt. Mens vervet er ledig, skal varapersonen for den tidlegare styrerepresentanten utøve alle fullmak-

Director shall exercise his powers, except that of appointing an Alternate.»

5. The text of Article XII, Section 3(i) shall be amended to read as follows:

«(i) (i) Each Executive Director shall be entitled to cast the number of votes which counted towards his election.

(ii) When the provisions of Section 5(b) of this Article are applicable, the votes which an Executive Director would otherwise be entitled to cast shall be increased or decreased correspondingly. All the votes which an Executive Director is entitled to cast shall be cast as a unit.

(iii) When the suspension of the voting rights of a member is terminated under Article XXVI, Section 2(b), the member may agree with all the members that have elected an Executive Director that the number of votes allotted to that member shall be cast by such Executive Director, provided that, if no regular election of Executive Directors has been conducted during the period of the suspension, the Executive Director in whose election the member had participated prior to the suspension, or his successor elected in accordance with paragraph 3(c) (i) of Schedule L or with (f) above, shall be entitled to cast the number of votes allotted to the member. The member shall be deemed to have participated in the election of the Executive Director entitled to cast the number of votes allotted to the member.»

6. The text of Article XII, Section 3(j) shall be amended to read as follows:

«(j) The Board of Governors shall adopt regulations under which a member may send a representative to attend any meeting of the Executive Board when a request made by, or a matter particularly affecting, that member is under consideration.»

7. The text of Article XII, Section 8 shall be amended to read as follows:

«The Fund shall at all times have the right to communicate its views informally to any member on any matter arising under this Agreement. The Fund may, by a seventy percent majority of the total voting power, decide to publish a report made to a member regarding its monetary or economic conditions and developments which directly tend to produce a serious disequilibrium in the international

tene hans med unntak av å utpeike varaperson.»

5. Artikkelen XII nr. 3 i) skal lyde:

«i) i) Kvar styrerepresentant har rett til å avleggje så mange røyster som han blei vald med.

ii) Når føresegnene i nr. 5 b) i denne artikkelen gjeld, skal det røystetalet ein styrerepresentant elles ville ha rett til å avleggje, aukast eller reduserast tilsvarende. Alle røystene ein styrerepresentant har rett til å avleggje, skal avleggjast samla.

iii) Når suspensjonen av røysterettane til ein medlem blir oppheva i samsvar med artikkelen XXVI nr. 2 b), kan medlemmen avtale med alle medlemmene som har valt ein styrerepresentant, at denne styrerepresentanten skal avleggje dei røystene denne medlemmen er tildelt; dersom det ikkje har vore gjennomført ordinært val av styrerepresentantar i suspensjonsperioden, skal den styrerepresentanten medlemmen har delteke i valet av før suspensjonen, eller etterfølgjaren til denne, vald i samsvar med nr. 3 c) i) i liste L eller i samsvar med f) ovanfor, ha rett til å avleggje så mange røyster som denne medlemmen er tildelt. Medlemmen skal reknast for å ha delteke i valet av den styrerepresentanten som har rett til å avleggje dei røystene medlemmen er tildelt.»

6. Artikkelen XII nr. 3 j) skal lyde:

«j) Guvernørrådet skal vedta føresegner om at ein medlem kan sende ein representant til å oververe eit møte i styret der ei oppmoding som medlemmen har retta til det, eller som spesielt vedgår medlemmen, skal takast opp til drøfting.»

7. Artikkelen XII nr. 8 skal lyde:

«Fondet skal alltid ha rett til uformelt å gjere sine synspunkt kjende for ein medlem i alle spørsmål som oppstår på grunnlag av denne avtalen. Fondet kan med 70 prosents fleirtal av samla røystevekt vedta å offentliggjere ein rapport det har gitt ein medlem om den monetære eller økonomiske situasjonen hans og om utviklingstrekk som direkte tenderer til å skape ei alvorleg ulikevekt i den inter-

balance of payments of members. The relevant member shall be entitled to representation in accordance with Section 3(j) of this Article. The Fund shall not publish a report involving changes in the fundamental structure of the economic organization of members.»

8. The text of Article XXI(a) (ii) shall be amended to read as follows:

«(a) (ii) For decisions by the Executive Board on matters pertaining exclusively to the Special Drawing Rights Department only Executive Directors elected by at least one member that is a participant shall be entitled to vote. Each of these Executive Directors shall be entitled to cast the number of votes allotted to the members that are participants whose votes counted towards his election. Only the presence of Executive Directors elected by members that are participants and the votes allotted to members that are participants shall be counted for the purpose of determining whether a quorum exists or whether a decision is made by the required majority.»

9. The text of Article XXIX(a) shall be amended to read as follows:

«(a) Any question of interpretation of the provisions of this Agreement arising between any member and the Fund or between any members of the Fund shall be submitted to the Executive Board for its decision. If the question particularly affects any member, it shall be entitled to representation in accordance with Article XII, Section 3(j).»

10. The text of paragraph 1(a) of Schedule D shall be amended to read as follows:

«(a) Each member or group of members that has the number of votes allotted to it or them cast by an Executive Director shall appoint to the Council one Councillor, who shall be a Governor, Minister in the government of a member, or person of comparable rank, and may appoint not more than seven Associates. The Board of Governors may change, by an eighty-five percent majority of the total voting power, the number of Associates who may be appointed. A Councillor or Associate shall serve until a new appointment is made or until the next regular election of Executive Directors, whichever shall occur sooner.»

nasjonale betalingsbalansen til medlemmene. Den aktuelle medlemmen skal ha rett til representasjon i samsvar med nr. 3 j) i denne artikkelen. Fondet skal ikkje offentliggjere ein rapport som omhandlar endringar i den grunnleggjande strukturen i den økonomiske organiseringa hos medlemmene.»

8. Artikkelen XXI a) ii) skal lyde:

«a) ii) Ved styreavgjerder i saker som berre vedgår avdelinga for spesielle trekkrettar, har berre styrerepresentantar som er valde av minst ein medlem som er deltakar, røysterett. Kvar av desse styrerepresentantane kan avleggje så mange røyster som dei medlemmene som er deltakarar er tildelte, og som med røystene sine medverka til at han blei vald. Berre tilstadeverande styrerepresentantar valde av medlemmer som er deltakarar, og røyster som er tildelte medlemmer som er deltakarar, skal teljast med tanke på å fastslå om forsamlinga er vedtaksfør, og om eit vedtak er gjort med det fleirtalet som krevst.»

9. Artikkelen XXIX a) skal lyde:

«a) Spørsmål om tolkinga av føresegnene i denne avtalen som måtte oppstå mellom ein medlem og fondet, eller mellom medlemmer av fondet, skal leggjast fram for styret til avgjerd. Dersom spørsmålet gjeld ein medlem i særleg grad, skal medlemmen ha rett til representasjon i samsvar med artikkelen XII nr. 3 j).»

10. Punkt 1 a) i liste D skal lyde:

«a) Kvar medlem eller gruppe av medlemmer som får dei røystene dei er tildelte, avlagde av ein styrerepresentant, skal utpeike ein medlem til guvernørrådet, som skal være sentralbanksjef eller minister i regjeringa til ein medlem eller ha tilsvarande rang, og kan utpeike høgst sju stedfortredere. Guvernørrådet kan med 85 prosent fleirtal av samla røystevekt endre talet på stedfortredere som kan utpeikast. Ein rådsmedlem eller stedfortreder skal sitje til ny utpeiking er gjennomført, eller til neste ordinære val av styrerepresentantar dersom dette kjem først.»

11. The text of paragraph 5(e) of Schedule D shall be deleted.
12. Paragraph 5(f) of Schedule D shall be renumbered 5(e) of Schedule D and the text of the new paragraph 5(e) shall be amended to read as follows:
- «(e) When an Executive Director is entitled to cast the number of votes allotted to a member pursuant to Article XII, Section 3(i) (iii), the Councillor appointed by the group whose members elected such Executive Director shall be entitled to vote and cast the number of votes allotted to such member. The member shall be deemed to have participated in the appointment of the Councillor entitled to vote and cast the number of votes allotted to the member.»
13. The text of Schedule E shall be amended to read as follows:
- «Transitional Provisions with Respect to Executive Directors
1. Upon the entry into force of this Schedule:
- (a) Each Executive Director who was appointed pursuant to former Article XII, Sections 3(b) (i) or 3(c), and was in office immediately prior to the entry into force of this Schedule, shall be deemed to have been elected by the member who appointed him; and
- (b) Each Executive Director who cast the number of votes of a member pursuant to former Article XII, Section 3(i) (ii) immediately prior to the entry into force of this Schedule, shall be deemed to have been elected by such a member.»
14. The text of paragraph 1(b) of Schedule L shall be amended to read as follows:
- «(b) appoint a Governor or Alternate Governor, appoint or participate in the appointment of a Councillor or Alternate Councillor, or elect or participate in the election of an Executive Director.»
15. The text of the chapeau of paragraph 3(c) of Schedule L shall be amended to read as follows:
- «(c) The Executive Director elected by the member, or in whose election the member has participated, shall cease to hold office, unless such Executive Director was entitled to cast the number of votes allotted to other members whose voting rights have not been suspended. In the latter case:»
11. Punkt 5 e) i liste D går ut.
12. Punkt 5 f) i liste D blir omnummerert til 5 e) i liste D, og det nye punkt 5 e) skal lyde:
- «e) Når ein styrerepresentant har rett til å avleggje det røystetalet ein medlem er tildelt etter artikkel XII nr. 3 i) iii), har rådsmedlemmen som er utpeikt av den gruppa der medlemmene har valt styrerepresentanten, rett til å avleggje det røystetalet medlemmen er tildelt.»
13. Teksten til liste E skal lyde:
- «Overgangsføresegner med omsyn til styrerepresentantar
1. Når denne lista trer i kraft,
- a) skal kvar styrerepresentant som blei utpeikt i samsvar med tidlegare artikkel XII nr. 3 b) i) eller 3 c), og som sat i vervet like før denne lista tredde i kraft, reknast for å vere vald av medlemmen som utpeikte han;
- b) skal kvar styrerepresentant som avla røystetalet til ein medlem i samsvar med tidlegare artikkel XII nr. 3 i) ii) like før denne lista tredde i kraft, reknast for å vere vald av denne medlemmen.»
14. Punkt 1 b) i liste L skal lyde:
- «b) utpeike ein rådsmedlem eller varaperson for ein rådsmedlem, utpeike eller delta i utpeikinga av ein rådsmedlem eller varaperson for ein rådsmedlem, eller velje eller delta i valet av ein styrerepresentant.»
15. Innleiinga til punkt 3 c) i liste L skal lyde:
- «c) Styrerepresentanten som er vald av medlemmen, eller som medlemmen har delteke i valet av, skal ikkje lenger sitje i vervet med mindre styrerepresentanten hadde rett til å avleggje røystetalet som er tildelt andre medlemmer som ikkje har fått røysteretten sin suspendert. I det sistnemnde tilfellet:»

Vedlegg 2**Kvotestevkt og røystevkt etter medlemsland**

	Prosent					
	Kvotestevkt			Røystevkt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
USA	17,0710	17,6700	17,4070	16,7230	16,7270	16,4790
Japan	6,1180	6,5560	6,4640	6,0000	6,2250	6,1380
Tyskland	5,9780	6,1100	5,5860	5,8630	5,8030	5,3080
Frankrike	4,9350	4,5050	4,2270	4,8420	4,2860	4,0240
Storbritannia	4,9350	4,5050	4,2270	4,8420	4,2860	4,0240
Kina ²	3,7180	3,9960	6,3940	3,6510	3,8060	6,0710
Italia	3,2420	3,3060	3,1610	3,1850	3,1540	3,0160
Saudi-Arabia	3,2100	2,9300	2,0960	3,1540	2,7990	2,0100
Canada	2,9270	2,6720	2,3120	2,8760	2,5540	2,2140
Russland	2,7320	2,4940	2,7060	2,6860	2,3860	2,5870
India	1,9110	2,4420	2,7510	1,8820	2,3370	2,6290
Nederland	2,3720	2,1660	1,8320	2,3340	2,0760	1,7610
Belgia	2,1160	1,9320	1,3450	2,0830	1,8550	1,3000
Brasil	1,3950	1,7830	2,3160	1,3770	1,7140	2,2180
Spania	1,4010	1,6880	2,0000	1,3830	1,6240	1,9190
Mexico	1,4490	1,5210	1,8690	1,4300	1,4670	1,7960
Sveits	1,5890	1,4510	1,2100	1,5670	1,4000	1,1730
Korea	1,3450	1,4120	1,8000	1,3280	1,3640	1,7310
Australia	1,4870	1,3580	1,3790	1,4670	1,3120	1,3320
Venezuela	1,2220	1,1150	0,7810	1,2070	1,0840	0,7670
Sverige	1,1010	1,0050	0,9290	1,0890	0,9790	0,9070
Argentina	0,9730	0,8880	0,6690	0,9640	0,8690	0,6610
Austerrike	0,8600	0,8870	0,8250	0,8540	0,8670	0,8090
Indonesia	0,9550	0,8720	0,9750	0,9470	0,8540	0,9510
Danmark	0,7550	0,7930	0,7210	0,7500	0,7790	0,7110
Noreg	0,7680	0,7900	0,7880	0,7630	0,7760	0,7740
Sør-Afrika	0,8590	0,7840	0,6400	0,8520	0,7700	0,6340

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

	Prosent					
	Kvotevekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
Malaysia	0,6830	0,7440	0,7620	0,6800	0,7330	0,7500
Nigeria	0,8060	0,7350	0,5150	0,8000	0,7240	0,5160
Polen	0,6290	0,7080	0,8590	0,6270	0,6990	0,8410
Iran	0,6880	0,6280	0,7480	0,6850	0,6230	0,7360
Tyrkia	0,5470	0,6110	0,9770	0,5470	0,6070	0,9530
Thailand	0,4970	0,6040	0,6740	0,4980	0,6000	0,6660
Singapore	0,3960	0,5910	0,8160	0,3990	0,5880	0,8010
Kuwait	0,6350	0,5790	0,4060	0,6330	0,5770	0,4130
Ukraina	0,6300	0,5760	0,4220	0,6280	0,5730	0,4280
Finland	0,5810	0,5300	0,5060	0,5800	0,5300	0,5070
Irland	0,3850	0,5280	0,7240	0,3880	0,5280	0,7130
Algerie	0,5770	0,5260	0,4110	0,5760	0,5270	0,4180
Irak	0,5460	0,4990	0,3490	0,5460	0,5010	0,3590
Libya	0,5160	0,4710	0,3300	0,5170	0,4750	0,3410
Hellas	0,3780	0,4620	0,5090	0,3810	0,4660	0,5110
Israel	0,4270	0,4450	0,4030	0,4290	0,4500	0,4100
Ungarn	0,4770	0,4360	0,4070	0,4780	0,4410	0,4140
Pakistan	0,4750	0,4340	0,4260	0,4760	0,4390	0,4320
Romania	0,4730	0,4320	0,3800	0,4750	0,4380	0,3880
Portugal	0,3990	0,4320	0,4320	0,4010	0,4380	0,4380
Filippinane	0,4040	0,4280	0,4280	0,4070	0,4330	0,4340
Tsjekkia	0,3760	0,4200	0,4570	0,3800	0,4270	0,4620
Egypt	0,4340	0,3960	0,4270	0,4360	0,4040	0,4330
New Zealand	0,4110	0,3750	0,2630	0,4140	0,3840	0,2780
Chile	0,3930	0,3590	0,3660	0,3960	0,3690	0,3750
Colombia	0,3560	0,3250	0,4290	0,3590	0,3360	0,4350
Sameinte arabiske emirat	0,2810	0,3160	0,4850	0,2860	0,3280	0,4880
Bulgaria	0,2940	0,2690	0,1880	0,2990	0,2830	0,2070
Peru	0,2930	0,2680	0,2800	0,2980	0,2820	0,2940
Marokko	0,2700	0,2470	0,1880	0,2760	0,2630	0,2070
Bangladesh	0,2450	0,2240	0,2240	0,2510	0,2410	0,2410
Kongo	0,2450	0,2240	0,2240	0,2510	0,2410	0,2410
Zambia	0,2250	0,2050	0,2050	0,2310	0,2230	0,2230

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

	Prosent					
	Kvotevekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
Serbia	0,2150	0,1960	0,1370	0,2220	0,2150	0,1590
Vietnam	0,1510	0,1930	0,2420	0,1590	0,2120	0,2580
Kasakhstan	0,1680	0,1790	0,2430	0,1760	0,1990	0,2590
Slovakia	0,1640	0,1790	0,2100	0,1720	0,1990	0,2280
Luxembourg	0,1280	0,1760	0,2770	0,1370	0,1950	0,2910
Sri Lanka	0,1900	0,1730	0,1210	0,1970	0,1930	0,1440
Kviterussland	0,1780	0,1620	0,1430	0,1850	0,1830	0,1640
Ghana	0,1700	0,1550	0,1550	0,1770	0,1760	0,1760
Kroatia	0,1680	0,1530	0,1500	0,1750	0,1740	0,1720
Zimbabwe	0,1620	0,1480	0,1480	0,1700	0,1700	0,1700
Ecuador	0,1390	0,1460	0,1460	0,1470	0,1670	0,1680
Syria	0,1350	0,1450	0,2330	0,1430	0,1670	0,2490
Trinidad og Tobago	0,1540	0,1410	0,0990	0,1620	0,1620	0,1230
Elfenbeinskysten	0,1490	0,1360	0,1360	0,1580	0,1580	0,1580
Sudan	0,1450	0,1320	0,1320	0,1530	0,1540	0,1540
Uruguay	0,1410	0,1290	0,0900	0,1490	0,1510	0,1140
Qatar	0,1210	0,1270	0,1540	0,1300	0,1490	0,1750
Tunisia	0,1320	0,1200	0,1140	0,1400	0,1430	0,1370
Angola	0,1320	0,1200	0,1550	0,1400	0,1430	0,1760
Usbekistan	0,1270	0,1160	0,1160	0,1350	0,1390	0,1390
Slovenia	0,1060	0,1150	0,1230	0,1150	0,1380	0,1460
Jamaica	0,1260	0,1150	0,0800	0,1340	0,1380	0,1050
Kenya	0,1250	0,1140	0,1140	0,1330	0,1370	0,1370
Libanon	0,0930	0,1120	0,1330	0,1030	0,1350	0,1550
Myanmar	0,1190	0,1080	0,1080	0,1270	0,1320	0,1320
Jemen	0,1120	0,1020	0,1020	0,1210	0,1260	0,1260
Oman	0,0890	0,0990	0,1140	0,0990	0,1230	0,1370
Den dominikanske republikk	0,1010	0,0920	0,1000	0,1100	0,1160	0,1240
Brunei	0,0990	0,0900	0,0630	0,1080	0,1150	0,0890
Guatemala	0,0970	0,0880	0,0900	0,1060	0,1130	0,1140
Panama	0,0950	0,0870	0,0790	0,1040	0,1110	0,1040
Tanzania	0,0910	0,0830	0,0830	0,1010	0,1080	0,1080
Costa Rica	0,0750	0,0780	0,0770	0,0850	0,1040	0,1030

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

	Prosent					
	Kvotevekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
Kamerun	0,0850	0,0780	0,0580	0,0950	0,1030	0,0840
Litauen	0,0660	0,0770	0,0930	0,0760	0,1020	0,1170
Uganda	0,0830	0,0760	0,0760	0,0920	0,1010	0,1010
Bahrain	0,0620	0,0740	0,0830	0,0720	0,0990	0,1080
Bolivia	0,0790	0,0720	0,0500	0,0880	0,0970	0,0770
El Salvador	0,0790	0,0720	0,0600	0,0880	0,0970	0,0860
Jordan	0,0780	0,0720	0,0720	0,0880	0,0970	0,0970
Bosnia-Hercegovina	0,0780	0,0710	0,0560	0,0870	0,0960	0,0820
Afghanistan	0,0740	0,0680	0,0680	0,0840	0,0940	0,0940
Senegal	0,0740	0,0680	0,0680	0,0840	0,0940	0,0940
Aserbajdsjan	0,0740	0,0670	0,0820	0,0840	0,0930	0,1070
Kypros	0,0640	0,0660	0,0640	0,0740	0,0920	0,0900
Gabon	0,0710	0,0650	0,0450	0,0810	0,0910	0,0720
Georgia	0,0690	0,0630	0,0440	0,0790	0,0890	0,0710
Latvia	0,0580	0,0600	0,0700	0,0680	0,0860	0,0950
Namibia	0,0630	0,0570	0,0400	0,0730	0,0840	0,0670
Etiopia	0,0610	0,0560	0,0630	0,0710	0,0820	0,0890
Papua New Guinea	0,0600	0,0550	0,0550	0,0700	0,0820	0,0820
Bahamas	0,0600	0,0550	0,0380	0,0700	0,0810	0,0660
Nicaragua	0,0600	0,0550	0,0550	0,0700	0,0810	0,0810
Honduras	0,0600	0,0540	0,0520	0,0700	0,0810	0,0790
Liberia	0,0590	0,0540	0,0540	0,0690	0,0810	0,0810
Moldova	0,0570	0,0520	0,0360	0,0670	0,0780	0,0640
Madagaskar	0,0560	0,0510	0,0510	0,0660	0,0780	0,0780
Island	0,0540	0,0490	0,0670	0,0640	0,0760	0,0930
Mosambik	0,0520	0,0480	0,0480	0,0620	0,0740	0,0740
Guinea	0,0490	0,0450	0,0450	0,0590	0,0720	0,0720
Sierra Leone	0,0480	0,0440	0,0440	0,0580	0,0710	0,0710
Malta	0,0470	0,0430	0,0350	0,0570	0,0700	0,0630
Mauritius	0,0470	0,0430	0,0300	0,0570	0,0700	0,0580
Paraguay	0,0460	0,0420	0,0420	0,0560	0,0690	0,0690
Turkmenistan	0,0350	0,0410	0,0500	0,0450	0,0680	0,0770
Estland	0,0300	0,0390	0,0510	0,0410	0,0670	0,0780

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

	Prosent					
	Kvotevekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
Mali	0,0430	0,0390	0,0390	0,0530	0,0660	0,0660
Surinam	0,0420	0,0390	0,0270	0,0530	0,0660	0,0550
Armenia	0,0420	0,0390	0,0270	0,0530	0,0660	0,0550
Guyana	0,0420	0,0380	0,0380	0,0520	0,0650	0,0650
Kirgisistan	0,0410	0,0370	0,0370	0,0510	0,0650	0,0650
Botswana	0,0290	0,0370	0,0410	0,0400	0,0640	0,0680
Kambodsja	0,0400	0,0370	0,0370	0,0510	0,0640	0,0640
Tadsjikistan	0,0400	0,0360	0,0360	0,0500	0,0640	0,0640
Kongo	0,0390	0,0350	0,0340	0,0490	0,0630	0,0620
Haiti	0,0380	0,0340	0,0340	0,0480	0,0620	0,0620
Somalia	0,0380	0,0340	0,0340	0,0480	0,0620	0,0620
Rwanda	0,0370	0,0340	0,0340	0,0470	0,0610	0,0610
Burundi	0,0350	0,0320	0,0320	0,0460	0,0600	0,0600
Togo	0,0340	0,0310	0,0310	0,0440	0,0590	0,0590
Nepal	0,0330	0,0300	0,0330	0,0430	0,0580	0,0610
Fiji	0,0320	0,0290	0,0210	0,0430	0,0570	0,0490
Malawi	0,0320	0,0290	0,0290	0,0420	0,0570	0,0570
Makedonia	0,0320	0,0290	0,0290	0,0420	0,0570	0,0570
Barbados	0,0310	0,0280	0,0200	0,0420	0,0560	0,0480
Tsjad	0,0260	0,0280	0,0290	0,0360	0,0560	0,0570
Niger	0,0300	0,0280	0,0280	0,0410	0,0550	0,0550
Mauritania	0,0300	0,0270	0,0270	0,0400	0,0550	0,0550
Benin	0,0280	0,0260	0,0260	0,0390	0,0540	0,0540
Burkina Faso	0,0280	0,0250	0,0250	0,0380	0,0530	0,0530
Albania	0,0220	0,0250	0,0290	0,0330	0,0530	0,0570
Kosovo	0,0270	0,0250	0,0170	0,0380	0,0530	0,0460
Den sentral-afrikanske republikk	0,0260	0,0230	0,0230	0,0360	0,0510	0,0510
Laos	0,0240	0,0220	0,0220	0,0350	0,0500	0,0500
Ekvatorial-Guinea	0,0150	0,0220	0,0330	0,0260	0,0500	0,0610
Mongolia	0,0230	0,0210	0,0150	0,0340	0,0500	0,0440
Swaziland	0,0230	0,0210	0,0160	0,0340	0,0500	0,0450
Lesotho	0,0160	0,0150	0,0150	0,0270	0,0430	0,0430
Gambia	0,0140	0,0130	0,0130	0,0250	0,0420	0,0420

Samtykke til at Noreg sluttar seg til reform av styresamansetjing, kvotar og røysterett i IMF

	Prosent					
	Kvotervekt			Røystevekt		
	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma	Før 2008-reforma ¹	I dag	2010-reforma
Montenegro	0,0130	0,0120	0,0130	0,0240	0,0400	0,0410
San Marino	0,0080	0,0090	0,0100	0,0190	0,0380	0,0390
Belize	0,0090	0,0080	0,0060	0,0200	0,0370	0,0350
Eritrea	0,0070	0,0080	0,0080	0,0180	0,0370	0,0370
Vanuatu	0,0080	0,0070	0,0050	0,0190	0,0360	0,0340
Djibouti	0,0070	0,0070	0,0070	0,0180	0,0360	0,0360
St. Lucia	0,0070	0,0060	0,0040	0,0180	0,0350	0,0340
Guinea-Bissau	0,0070	0,0060	0,0060	0,0180	0,0350	0,0350
Antigua og Barbuda	0,0060	0,0060	0,0040	0,0170	0,0350	0,0330
Grenada	0,0050	0,0050	0,0030	0,0170	0,0340	0,0330
Samoa	0,0050	0,0050	0,0030	0,0160	0,0340	0,0330
Kapp Verde	0,0040	0,0050	0,0050	0,0160	0,0340	0,0340
Seychellane	0,0040	0,0050	0,0050	0,0150	0,0340	0,0340
Aust-Timor	0,0040	0,0050	0,0050	0,0150	0,0340	0,0340
Salomonøyane	0,0050	0,0040	0,0040	0,0160	0,0340	0,0340
Maldivane	0,0040	0,0040	0,0040	0,0150	0,0330	0,0340
Komorane	0,0041	0,0037	0,0037	0,0153	0,0329	0,0329
St. Kitts og Nevis	0,0041	0,0037	0,0026	0,0153	0,0329	0,0319
Butan	0,0029	0,0036	0,0043	0,0141	0,0328	0,0335
St. Vincent og Grenadinane	0,0038	0,0035	0,0025	0,0150	0,0327	0,0317
Dominica	0,0038	0,0034	0,0024	0,0149	0,0327	0,0317
Sao Tome og Principe	0,0034	0,0031	0,0031	0,0146	0,0323	0,0323
Tonga	0,0032	0,0029	0,0029	0,0144	0,0321	0,0321
Kiribati	0,0026	0,0023	0,0023	0,0138	0,0316	0,0316
Mikronesia	0,0023	0,0021	0,0015	0,0135	0,0314	0,0308
Marshalløyane	0,0016	0,0015	0,0010	0,0128	0,0308	0,0304
Palau	0,0014	0,0015	0,0010	0,0126	0,0308	0,0304
Tuvalu	0,0008	0,0008	0,0005	0,0121	0,0301	0,0299

¹ Frå før 2008-reformen trådde i kraft. Inkluderer Kosovo som vart medlem 29. juni 2009 og Tuvalu som vart medlem 24. juni 2009. For to land gjeld ennå kvotene frå 11. gjennomgang.

² Omfattar Kina, Hong Kong og Macao.

